

Oppsummering av søknad

Me søker om støtte for å restaurere gamlestova (sørestova inkl. søre lemme) og potetkjellaren på Ones gnr 86/2. Frå før er stabburet restaurert og me vil då ivareta kulturhistoria på ein god måte, med eit tun med mykje viktig historie.

Me har mykje historikk, foto og gamle reiskap/antikviteter og liknande frå denne tida og bygga som me ønsker å knytte inn i framtidig bruk.

Oss, garden og tiltaka

Ones Gard (GNR 86) og bruk 2 ligg i Alver kommune i området kalla Lindåsosane. Dette er eit sentralt område for kulturlandskap, natur og friluftsliv i kommunen.

Garden har vore utan fast drift i lengre tid fram til Maria Ones (eldste barn) overtok garden og flytta heim med sin familie i 2016. Frå 2016 har det vorte gjort betydelege investeringar og utbetringar på garden og i dag bur det 32 vfs av rasen GNS her. Garden var i særleg dårleg stand og har tatt store steg dei siste åra.

Garden sin historie finn ein tilbake i skriftlege kjelder til 1427 og er godt dokumentert sidan i forskjellige bøker. Tuna på garden låg samla fram til 1843 då bruk B/2 flytta 150meter vestover.

Gamlestova som også blir kalla sørestova var ein del av huset som blei oppført i 1842 då bruk 2 flytta bort frå klyngetunet på Ones. Då det nye huset blei oppført på dei same grunnene i 1931 blei den søre stova tatt vare på og står i dag på garden som «gamlestova».


Stabburet på garden er det einaste stabburet på Ones og er i dagens oppføring spora tilbake til 1850 åra og var enten nybygd då eller flytta til staden. Dette bygget blei restaurert i 1997.

Garden har tatt vare på mykje gamle antikviteter som gammalt verktøy, møblar og utstyr frå gammal tid. Dette ønskjer me også å ta godt vare på og å la det komma til sin rett. Alt er dokumentert, navnsatt og fotografert frå eldre tider og tatt vare på av ildsjeler.

På bildet under frå 1914 ser me Gamlestova;



Her er også dei gamle plantningane frå bygget;



På dette bildet (litt nyare tid) ser ein gamlestova, stabburet og potekjellar i bakgrunnen;



På dette bildet ser ein restaurering av stabburet på garden (1997), da einaste på Ones;



Tiltaka har fin samling på tunet;



Aksjoner

Her er aksjonene me ser for oss og som me søker støtte for.

Restaurering av gamlestova

- Den eine veggen må skiftast (gamle inneveggen i tømmer som har stått utan kledning)
- Nokon utskiftninger i tømmerkassens nedre del, litt oppjekking m.m.
- 4 nye vindu, ny dør og lemdør
- Nytt golv
- Nytt tak og bordsutak
- Ny utvendig kledning tilsvarende tømmerstil
- Gjennoppføring av eldstad?
- Ein må sjå litt nærmare på mur og resten av tømmerkasse undervegs
- Truleg må eit sperr eller to byttast
- Avgraving rundt bygget og litt grusing

Restaurering av potetkjeller

- Reparere muren kring kjellaren
- Meir jord på toppen
- Ny dør og litt småting

Gjennomføring

For mykje av arbeidet treng me å leie inn profesjonelle handverkarar. Då treng me først tilsegn på støtte før me startar ein anbudsprosess. Særleg til potetkjellaren sitt murarbeid og konstruksjonsarbeidet/bæring på gamlestova.

Vidare vil me også gjere mykje eigeninnsats på dei litt enklare oppgåvene.